



Julehelsing 2011

Kjære alle medlemene i NHVL !

Atter eit år har passert og Oster har dampa rundt på fjordane og gjennom straumane, her i Nordhordland. Mange stader langs leia veiftar folk med flagg når Oster passerar og dei likar seg når helsinga deiras blir besvart med eit støt eller to i dampfløyta.

I år har fartsområdet strekt seg frå Gulen i nord til Stavanger i sør, med Modalen som den austlegaste ytterkanten.

Det har blitt ein tradisjon å vera med på Torgdagen i Bergen. I ruta til Bergen om morgonen blir Tøsse-brød tatt med frå Hosanger og over fjorden til Eknesvågen. På returen frå Bergen blir det stoppa på i Eknesvågen ei stund der, slik at ferdefolket kan ta seg ein tur på land og sjå på livet der. Eknesane benyttar anledningen til å sjå seg om ombord.

Passasjertalet på turane til Lynghei- og Utvandarsentra har vist seg å vera væravhengig. Den våte sumaren i år sette ein dempar på oppsluttnaden, men me får håpa at dette blir betre til neste år. Turane i den indre farleia, Straumane, er ei av dei finaste leiene me har å visa fram her i landet.

Oster har også hatt mange blåturar i år, både for firma og private. Feiring av runde dagar og turar med brurefølge høyrer også med til oppdraga

Den gjevaste turen i sommar vart turen til Stavanger, der Oster var hyra inn for å vera representasjonsbåten for hovedkomiteen for Tall Ships Race. Då seglskutene forlet Stavanger låg Oster til ankers ved Tungenes fyr og alle seglskutene takka for seg med 3 lange støt i fløytene sine. Dette vart behørig besvart med Oster si dampfløyte, slik tradisjonen er på sjøen. Hovedkomiteen laga Bølgen ved rekka på promenadedekket og dette vart ei minnerik oppleving for alle og ikkje minst for Oster-mannskapet.

Etter at Oster var lagt i vinteropplag begynte ei sprek pensjonistgruppe med vedlikehald. Dei held på med oppussing i lasterommet og forskipet under 2. pl. salongen. Håpet er å få gjort mest mogeleg før vinteren kjem med sine minusgradar. Vedlikehaldslista er lang, men med mange dugande medlemmer som legg ned ein stor dugnadsinnsats, så skal nok det meste vera gjort før den neste sesongen tek til.

Er det nokon som kunne tenkja seg å vera med på dugnadsarbeid i eit triveleg miljø, så må dei berre ta kontakt eller møta opp ein laurdag i Bjørsvik.

**Så vil eg ønskja deko alle ei God Jul og eit riktig Godt Nyttår,
med takk for året som har gått.
Vel møtt ombord i 2012 !**

*Med venleg helsing
Tor Johannes Bjørngaas
Leiar i NHVL*